


Årbok for Karmsund 1997-1998

Karmsund Folkemuseum



Haugesund 1998

Haugesund Bok & Offset A.S



*Svein Steinsnes og fru Elisabeth f. Saltveit på diamanthryllupsdagen 4. aug. 1983.
Foto: H. Hauge, Haugesunds Avis.*

SVEIN STEINSNES - EIT HUNDREÅRSMINNE

Av: Alf Saltveit

«Smålåten i lag og lynde, men ruvande i sin kulturhistoriske innsats.» Slik karakteriserte Jon Bergsåker advokat Svein Steinsnes i årsskriftet til Karmsund folkemuseum i 1986, det året Steinsnes døydde.

I år skriv me 1998, og det er 100 år sidan Svein Steinsnes vart fødd. Underleg ubemerkt er dette jubileet, akkurat slik Steinsnes sjølv ville ha ønskt det. Han høyrde ikkje til dei som fer med fakter. Posering og høgt-travande preik var framandt for han. Han var ein av desse sjeldsynte, ikkje minst i våre dagar, som såg det aller gjævaste i ærleg strev. Titlar, posisjonar? Kva brydde han seg med slikt? Visst var han ordførar. Han var jurist. Han var politimeister. Ikkje noko av dette viste på han. «Kona mi veit ikkje kva ein drolt er,» sa han ein gong. Det gjorde ho nok, for ho var vaksen opp på ein gard i Nord-Skåre, men ho tok ikkje eit slikt ord i munnen sin. Svein Steinsnes gjorde det. Akkurat slik som Ivar Aasen.

Bondekulturen var viktig for Steinsnes. Han var sjølv bondeson. Gardbrukar vart han ikkje, men den utruleg vakre blomemhagen som han og kona, Elisabeth, planta og stelte på Gard, der dei budde, vekte oppsikt og vitna om stor kjærleik til jorda og vokstrane i jorda. I yrket sitt som advokat var det, rimeleg nok, gards- og bygdesaker han helst ønskte å arbeida med. I tvistemål om grenseskilje og utskiftingar var han ein framifrå fagmann.

Det var som museumsman at Svein Steinsnes gjorde sin største innsats. Karmsund folkemuseum har først og fremst han å takka for oppbygginga av ei av dei største samlingane av gards- og jordbruksreidskapar i Noreg. Hans innsikt og grundige faglege arbeid på dette feltet er kjent også i utlandet. Det dreier seg om viktige tilskot til vår kulturhistorie, og både i Nord- og Sør-Europa viser reidskapsgranskarar til Svein Steinsnes sine granskingar og resultat.

Saman med tidlegare museumsstyrar N. H. Tuastad utforska og kartla Steinsnes fleire klebersteinsbrot i Skåre og Haugesund. Dette arbeidet er diverre ikkje blitt følgd opp seinare og er ei utfordring til våre dagars kulturvernarar. Steinsnes var ein overmåte grundig granskar som tok seg tid med kvar minste detalj. Han kunne verka pedantisk og trøyttande med sin nøyaktige arbeidsmåte, men han let seg ikkje overtala til å forenkla eller

generalisera. Han gjorde det han skulle gjera på sin måte, sjølv om han laut stå aleine.

Me har mykje godt skriftleg materiale etter Steinsnes. Han tok vare på ordtak, stev og folkeviser frå distrikta våre. Til 100 års-jubileet for Skåre-kyrkja i 1958 skreiv han ei stor og godt dokumentert utgreiing om kyrkjesoknet vårt, - sikkert den viktigaste fagartikkelen som finst om dette emnet. Stadnamn interesserte han seg spesielt for, han var levande oppteken av alt som hadde med lokal kultur å gjera, var medlem av bygdeboknemnda for Skåre kommune, skreiv om torvskjering, om kvalar som rak i land, om hesteskys...

Det får passa at eg rundar av med eit personleg minne om mannen. Eg var ferdig med gymnaset i 1965 og skulle ha signaturen til advokat Steinsnes under ei attestavskrift. Dette trudde eg var ein enkel affære, eit 5 minutts arbeid sånn omlag. Men det var det ikkje. Svein Steinsnes tok føre seg ord for ord, teikn for teikn. Han repeterte, såg på originalen og avskrifta mi gong på gong. Etter ei umåteleg lang tid runda han munnen sin og uttala at eg hadde endra på eit komma som eg laut flytta tilbake før han kunne stempla og underskriva. Det hjelpte ikkje at kommaet var ein grammatisk skrivefeil i originalattesten, det skulle stå der det stod, sa advokaten. Unøyaktig ville han ikkje ha det.